



Miljøløftet

REFERAT

Vedlegg nr. 1

Styringsgruppa for Miljøløftet

Møte 9/2023 | Klokkeslett: 09:00 - 12:00 | Dato: 06.12.2023

Møtestad: Rådhuset i Bjørnafjorden

Saksbehandlar: Aina Haugstad

Dato: 12.12.2023

	Navn	Part
Møtedeltakarar	Ingrid Dahl Hovland	Vegdirektør, Statens vegvesen
	Jon Askeland	Fylkesordførar, Vestland fylkeskommune
	Sara Sekkingstad	Ordførar, Alver kommune
	Tom-Georg Indrevik	Ordførar, Øygarden kommune
	Yngve Fosse	Ordførar, Askøy kommune
	Christine Kahrs	Byråd, Bergen kommune
	Terje Søviknes	Ordførar, Bjørnafjorden kommune
	Solveig Paule	Direktør, Jernbanedirektoratet
	Liv Signe Navarsete	Statsforvaltaren
	Aina Haugstad	Sekretariatsleiar, Miljøløftet
Andre deltakarar	Tone Oppedal	Statens vegvesen
	Kristian Hella Bauge	Statens vegvesen
	Malin Bismo Lerudsmoen	Statens vegvesen
	Kjell Kvingedal	Statsforvaltaren
	Eystein Venneslan	Askøy kommune
	Rune Haugsdal	Vestland fylkeskommune
	Jostein Hausevik Fjærestad	Vestland fylkeskommune
	Dina Johanne Lefdal	Vestland fylkeskommune
	Christian Fotland	Bjørnafjorden kommune
	May Britt Hernes	Bergen kommune
	Roald Aandahl	Bergen kommune
		Politisk rådgjevar Bergen
	Råmund Skjold	Øygarden kommune

Saksliste

Saksliste byvekstavtale Bergensområdet

- Sak 99/23 Godkjenning av innkalling og saksliste
- Sak 100/23 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 03.11.2023
- Sak 101/23 Ny byrådsplattform i Bergen
- Sak 102/23 Sluttprognose for Bybanen byggetrinn 4
- Sak 103/23 Bruk av tilskot til betre kollektivtilbod
- Sak 104/23 Orientering om budsjettprosessar knytt til kollektiv i Vestland fylkeskommune
- Sak 105/23 Sykkelstamveg delstrekning Nesttun-Skjold
- Sak 106/23 Vidareutvikling av styringsgrupper byvekst – plan for implementering
- Sak 107/23 Møtedatoar våren 2024
- Sak 108/23 Eventuelt byvekstavtale Bergensområdet

Saksliste bypakke Bergen

- Sak 109/23 Bypakke Bergen: Forslag til justering av takstane i Bypakke Bergen
- Sak 110/23 Eventuelt Bypakke Bergen

Saksliste byvekstavgift Bergenområdet

I byrjinga av møtet ønska Terje Søviknes, ordførar i Bjørnafjorden kommune, velkommen til Bjørnafjorden.

Sak 99/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

Aina Haugstad, sekretariatet, orienterte om at det var sendt ut eit oppdatert notat til sak 102/23, med nytt vedtak, etter at møtepapira var sendt ut. Notatet har og blitt lagt ut på nettsidene.

Vedtak: Innkalling og sakliste er godkjend.

Sak 100/23 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 03.11.2023

Merk at det i møtepapira står at referatet er frå møtet 03.10.2023, det riktige er 03.11.2023.

Vedtak: Vedlagt referat er godkjent.

Sak 101/23 Ny byrådsplattform i Bergen

Saka er ei oppfølging etter førre møtet i styringsgruppa, kor møteleiar bad om ei orientering frå Bergen kommune. Det vart bede om ei orientering om byrådsplattforma og kva for konsekvensar denne har for nullvekstmålet, byvekstavgiftsamarbeidet og Bybanen byggetrinn 5.

Byråd Christine Kahrs gav ei orientering der ho presiserte at Bergen skal gjere sin del for å nå nullvekstmålet, og at det er naudsynt med tiltak som endrar reisevanane til folk.

Ho la vekt på at arbeidsreiser og andre kvardagslege gjeremål må betenast av kollektiv, gange og sykkel, der det er tilstrekkeleg kollektivtilbod og infrastruktur, og at det må gjerast forbetringar der det trengst, slik at det vert naturleg å velje kollektiv.

Byråden presiserte at Bergen står bak byvekstsamarbeidet, og at dei ynskjer å jobbe for ei utvikling av samarbeidet, og at samarbeid er viktig for å nå måla. Ho påpeika samstundes at det er krevjande for Bergen å nå måla med den aukande byspreiinga, og at ikkje alt kan løysast med restriktive tiltak i bykjernen.

Bergen kommune har store forventningar til reforhandling av byvekstavgiftsavgiften, og at man der kan diskutere kva som er dei rette verkemidla.

Ho presiserte at Bybanen til Åsane er det viktigaste tiltaket for å nå målet, det er viktig at arbeidet med planlegging og finansiering held fram uavbrote. Men det skal ikkje begynne bygging i sentrum i 2024. Byrådet vil arbeide for at bekymringane rundt den siste tunellutredninga skal takast på alvor, sånn at ein kan vere er sikre på at det er det beste alternativet som blir gjennomført, når bygginga startar.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 102/23 Sluttprognose for Bybanen byggetrinn 4

Saka er ei oppfølging etter sak 88/23 om 2. tertialrapport, kor styringsgruppa vedtok at Vestland fylkeskommune skal komme tilbake til styringsgruppa med oppdatert sluttprognose for bybanen byggetrinn 4.

Jostein Fjærestad, Vestland fylkeskommune presenterte saken i møtet. Han viste til at det i sak 68/22 blei orientert om eit meirforbruk i forhold til P50 på 1,011 mrd. 2022-kr. Oppdatert sluttprognose viser at meirforbruket er redusert til 712 mill. 2023-kr. Årsaka til endringane er at usikkerheitene har gått riktig veg, og at vidarefaktureringa har vorte høgare. Fordelinga av avviket blir fordelt i tråd med vedtak i tidlegare saker. Fjærestad sa at det var noko utfordring knytt til eit sluttoppgjær mot ein kabeletat, men at samla usikkerheit i sluttprognosen var +/- 15 mill.

Rekneskapen for prosjektet vert ikkje avslutta i 2023, men i løpet av 2024. Rekneskapen for prosjektet sykkelstamvegen er ferdig.

Tone Oppedal, Statens vegvesen kommenterte at det var viktig med ein sluttprognose, og peikte på at staten har eit særskilt ansvar for oppfølging av 50/50 prosjekta. Ho sa vidare at partane må sette seg saman og sjå på sluttrapporten på nyåret, for å sørge for ein endeleg visshet rundt tala.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 103/23 Bruk av tilskot til betre kollektivtilbod

Jostein Fjærestad presenterte. Saka er ei oppfølging etter tidlegare vedtak, og framlegget har gjennomgått endringar i løpet av hausten, både knytt til auka behov for straks-innløysing av eigedommar (frå Amalie Skram og utover), men òg knytt til politiske signal frå Bergen.

I tillegg til utgifter til grunnverv, er det planlagt arbeid med trafikktiltak i sentrum, der trafikkplan sentrum og bybanen til Åsane er overlappande. Det er også viktig å komme i gang med planlegging av innkjøp av vognmateriell. Det er behov for ein ny rammeavtale, og det tar tid å forberede eit slik innkjøp.

Statens vegvesen gjorde merksam på brev frå staten (som no ligg som tillegg til byvekstavtalen) som støtter at tilskotet til betre kollektiv kan brukast til bybanen byggetrinn 5. I brevet blir det presisert at dette må vurderast på nytt etter at NTP er lagt fram våren 2024. Fram til ein eventuell finansieringsavtale med staten om Bybanen byggetrinn 5, vil bruken vere på eigen risiko.

Bergen kommune støtter at det vert gjort førebuande arbeid, så lenge det ikkje vert starta byggearbeid i Bergen sentrum.

Vedtak: Styringsgruppa vedtek at det statlege tilskotet for 2023 (108 mill.) vert nytta slik:

- Vidare plan- og prosjekteringsarbeid og erverv knytt til BT5 til Åsane (28 mill.)
- Planlegge/ gjennomføre innkjøp av vognmateriell (4 mill.)
- Reduksjon av det samla bompenguttaket til BT5 i 2023 (76 mill.)

Sak 104/23 Orientering om budsjettprosessar knytt til kollektiv i Vestland fylkeskommune

Vestland fylkeskommune var i forkant av møtet blitt beden om å presentere budsjettprosessane knytt til kollektiv-satsinga i fylket. Det har vore ein del omtale i media rundt føreslegne kutt i fylkesrådmannen sitt framlegg til budsjett 2024.

Fylkesordførar innleia med at kollektivtala i bergensområdet er veldig gode. Han minna om at staten i pandemien kompenserte for bortfall av inntekter, men at kompensasjonen ikkje blei vidareført i 2022. Han uttalte at det er eit behov for midlar som berre staten kan løyse. Han presiserte òg at fylket framleis er i ein budsjettprosess.

Fylkesrådmann orienterte at prisveksten for alvor slo til i 2022, og at ein ved inngangen til 2023 så eit potensielt avvik, men med stor uvisse, som i løpet av 2023 blei meir klart. Han presiserte til slutt også at dette er ei langsiktig utfordring vi står ovanfor.

Jostein Fjærestad presenterte utfordringsbiletet meir detaljert, og presiserte at hovudutfordringa er at kostnadsveksten har vore mykje høgare enn det inntektene har vorte justert med. Sjølv om bruken av kollektiv har auka, har ikkje inntektene auka tilsvarande. I budsjettforslaget for 2024 er det forslag til kutt i eksisterande ruter på 100 mill. og det er ikkje funne rom for nye tiltak i 2024. Likevel aukar fylket det samla budsjettet for kollektiv frå 3 mrd. i 2023 til 3,5 mrd. i 2024. Framlegg til budsjett frå Ap, Sp, V, Krf og MDG har halvert det foreslegne kuttet i Bergensområdet frå 50 til 25 mill., og i tillegg lagt inn nokre nye tiltak.

Fjærestad presenterte òg ein meir detaljert bruk av belønningsmidlar og tilskot til reduserte billettprisar. Han presenterte den planlagde bruken slik den vart vedteken i handlingsprogrammet, og eit forslag om endra bruk i 2024 frå 318 til 312 mill. Fjærestad gjorde merksam på at staten heldt tilbake 275 mill. i belønningsmidlar, der om lag 245 av desse var knytt til Skyss. Fjærestad fortalte at innføring av fleksibel billett og ingen øvre grense for studentrabatt skal nyttast av resterande fond til tilskot til reduserte billettprisar.

Det var mange som hadde innspel i diskusjonen. Det var særleg peika på at kollektiv er veldig viktig for å kunne nå målet om nullvekst. Fleire understreka òg behovet for at det kjem betre fram korleis belønningsmidlane sikrar eit tillegg til allereie eksisterande kollektivtilbod, i tråd med byvekstavtalen. Fleire var opptekne av at det er staten sitt ansvar for å gjere fylkeskommunane i stand til å gje eit godt kollektivtilbod.

Statens vegvesen orienterte at det til no ikkje er meldt inn behov til staten om å få dei tilbakehaldne midlane frå 2022 og 2023 tilbake i 2024. Staten må få ei slik melding dersom det er behov.

Sekretariatet ved Aina Haugstad, presenterte til slutt praksis og omtale av bruken av belønningsmidlane i byvekstavtalen, og presiserte at alle midlane skal være gjenstand for porteføljestyring.

Det var konkludert med at det er behov for å få presentert ei sak om den langsiktige planen for bruk av midlar til kollektiv og særleg bruk av belønningsmidlane; om belønningsmidlane kjem i tillegg til eit ordinært kollektivtilbod slik dei var tenkt. Det er viktig å ha fokus på både bruk av midlane, men også effekten av eventuelle tiltak. Sekretariatet går i dialog med fylkeskommunen med plan om å leggje fram ei sak.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 105/23 Sykkelstamveg delstrekning Nesttun-Skjold

Saka er ei oppfølging etter styringsgruppa si sak «66/23 Kostnadsgjennomgang av prosjekt på E39 Sykkelstamveg Bergen delstrekning 2-5» der Statens vegvesen presenterte auka kostnader for dei statlege prosjekta på sykkelstamvegen i Miljøløftet sin portefølje. Som følge av dette, bad Statens vegvesen styringsgruppa om å ta stilling til prosjektet E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 2, Nesttun-Skjold, som snart er klart for utlysing.

Tone Oppedal, Statens vegvesen, presenterte saka i møtet. Ho viste til at dei i tråd med tidlegare vedtak har hatt dialog med Bergen kommune som planmynde, og vurdert samfunnsøkonomisk lønsemd. Oppedal viste til at prosjektet har ei betydeleg auke i kostnaden frå 256 mill. 2023-kr. i handlingsprogrammet, til 382 mill. 2023-kr.

Tre hovudårsaker til auken frå det første anslaget: Det er lagt inn høgare grad av uvisse, plan- og prosjekteringsfasen har tatt lenger tid og med det fått høgare kostnader, og den generelle prisveksten har vore stor. Kostnadsauken blir tatt med inn i kommande rullering av handlingsprogrammet. Prosjektet har sett på moglege kostnadsreducerande tiltak, og foreslår at eitt av strekka blir lagt inn som opsjon i utlysinga i påvente av tilgrensande utbyggingsprosjekt. Det blir også foreslått å ta ut delprosjektet Nesttunbrekka.

Ein auke i dei totale kostnadene gjer at lønsemda til prosjektet vert redusert. Men ein analyse ved bruk av verktøyet EkspressEffekt viser at prosjektet Nesttun-Skjold framleis er eit samfunnsøkonomisk lønsamt prosjekt. Prosjektet går gjennom eit fortettingsområde med venta høg vekst, og det er fleire skular i området.

Bergen kommune slutta seg til at det er eit naudsynt prosjekt.

Vedtak: Styringsgruppa sluttar seg til at prosjektet E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 2 Nesttun-Skjold vert lyst ut med delstrekninga Lagunen-Fana Blikk som eit første byggetrinn, og at strekninga Fana Blikk-Nesttunbrekka vert lagt inn som opsjon i utlysinga. Prosjektet vert tilført tilstrekkelege midlar til at opsjon kan løysast ut. Samla kostnad for prosjektet er venta å verte 382 mill. 2023-kr.

Sak 106/23 Vidareutvikling av styringsgrupper byvekst – plan for implementering

Saka er ei oppfølging av sak 87/23. Juan Santacruz frå sekretariatet presenterte saka. Det er fem ulike prinsipp som skal vurderast, med mål om implementering i løpet av 2024. I første fase vil det bli arbeidd med prinsippa om «Tydelege rollar og ansvar» og «Felles årshjul». Sekretariatet fasiliterer diskusjon blant partane med utgangspunkt i kunnskapsgrunnlaget som tidlegare har blitt presentert. Det vil bli diskutert behov for lokale tilpassingar i Miljøløftet.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 107/23 Møtedatoar våren 2024

Det har blitt invitert til følgjande møte i styringsgruppa våren 2024:

Onsdag 24. januar

Onsdag 21. februar

Fredag 22. mars

Fredag 26. april

Måndag 10.juni (digitalt)

Styringsgruppa si leiar påpeika at ho ønska at nokre fleire av møta blir haldt digitalt. Sekretariatet kjem tilbake til dette gjennom oppdaterte innkallingar.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 108/23 Eventuelt byvekstavtale Bergensområdet

Det var meldt inn fire saker til eventuelt. Øygarden kommune hadde også meldt inn sak i forkant av møtet. Denne blei svart ut i sak 104/23.

Møte i politisk styringsgruppe (meldt inn frå Statens vegvesen)

Statens vegvesen orienterte om at det vil bli kalla inn til møte i politisk styringsgruppe i januar, anten 24., eller 26. januar. Dersom det er saker som partane ønsker å sette på dagsorden, kan dei meldast inn til sekretariatet. Frist: 10.januar.

Politisk seminar (meldt inn frå sekretariatet)

Sekretariatet minna om politisk seminar 10. januar, og orienterte om at styringsgruppas medlemmer vil bli involvert i eitt av innlegga.

Bemanning i sekretariatet (meldt inn frå sekretariatet)

Sekretariatet orienterte om at controller i sekretariatet sluttar, og at det no ligg ute ei stillingsutlysing for å erstatte denne ressursen. Auken i bemanning (frå 60 % stilling til 100 % stilling) blir handsama innanfor ramma til sekretariatet.

Bygging av bybanen i sentrum (meldt inn frå Bergen kommune)

Byråden orienterte om at dei ikkje ønsker at det blir starta med fysisk byggearbeid for traseen i Bergen sentrum før i 2025. Bybanen utbygging har opplyst om at det ikkje er planlagt byggearbeid i sentrum med unntak av noko tilrettelegging i Sandbrogaten. Vidare har bybanen utbygging bekrefta at det ikkje får nokon framdriftsmessige konsekvensar å vente med dette arbeidet til 2025.

Saksliste Bypakke Bergen

Sak 109/23 Bypakke Bergen: Forslag til justering av takstane i Bypakke Bergen

Saka var ei oppfølging av vedtak i styringsgruppa si sak 97/23 3. november. Arbeidsgruppa v/Kristian Bauge presenterte innhaldet i notatet, og grunngjevinga for anbefalinga om 70 pst. betaling for nullutsleppskøyretøy, samt justering av takstane for tunge køyretøy slik at

desse står for tilsvarende del av bompenginntektene som dei gjorde ved innføringa av nye bomstasjonar i april 2019 (Tilsvarende alternativ 4 i saksframlegget).

Christine Kahrs, Bergen kommune, takka for notatet og presentasjonen, og meinte at saka gjer eit godt grunnlag for vidare diskusjon. Ho bad om at saka blir tatt opp igjen til våren, etter at den er lokalpolitisk forankra. Ingen av dei andre partane motsa forslaget frå Bergen kommune til vidare prosess.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering. Saka blir tatt opp igjen til våren.

Sak 110/23 Eventuelt Bypakke Bergen

Det var ingen saker til eventuelt